

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Tilleggsliste

Tillegsspørsmål nr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Kari Håga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandoik

Bygdelag: Rvunstrand

Gard: Håga

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein vit ikkje å kenna seia der vart gjeve meir pris for ~~dei~~ ei ku fordi ho hadde fått skav, men fordi ho då var betre "i form". Ein rekna alltid med at kyr som fekk skav vinteren iggenom skulde vera friskare og sterkare og betre holda enn dei kyr som stod på berre høyföring. Og prisen var etter som kua såg ut til.

Ein meinte at kyr som fekk skav stött, dei hårrakte tidlegare og stod i betre trivna enn dei som ikkje fekk. So det syntte skilna på dei i löysingstida.

Ein meiner at för i tida gjekk kyrasalg för seg berre haustadags. Det laut vera noko syldsynt om ei ku vart seld om våren. Dei naüt ein greidde fö fram laüt og på beite, för det var der krötera skulde ta beste holdet, og verta noko i pris.

2. Ein har ingenting högt om at kjøtet skulde vera svart om kua hadde fått skav. Det er ells lite tenkjande at ei ku vart slakta om våren. Skulde ein om våren ha kjøt

4. d. til brudlaup, so var det ungsutur eller
kviger som vart slakta, og dei fekk lite eller
intet av skav.

3. Ein høyrde om at småtriser ikkje
mätte få skavmjølk av raun og hegg.
Derimot skulde askeskave vera ufårlegt.
Ein har ikkje høyrte at kalvar ikkje
mätte få skavmjølk.

4. Ein kjemner ikkje til at der var eit
vist mål på kor mykje ein skulde skava.
Der dei hadde mykje skavved der skov dei
so mykje dei berre kunde rekka på.
Og ein rekna med at der skulde dei ta
eit kuafoster med skav og lauv til-
sammans. Ein rekna også med at der
det var "skjikk på stjerne" skulde ein
ha skav dagstøtt frå helgemyss til
vårfrumyss. Ein sa også: "da dūge
ikke ^{me} mindre enn fira mørke skav
(dagleg) ska kuo ta hærrek te sūmarmål."

5. Dei skavde ein har sett var bruka
herikring var mest rette med berre
ein svak böying mitt på lyæn. Skftet
var rett. Sūme bruka berre ein vanleg
lyå med rett skaft på. Skavpien var
ikke bruka til anna enn skaving.

6. I røykstover med bite var det
vanlegt å halda til med skavinga ved
ein stolpe som gjekk frå golvet og var fest
til beten. Der dei smidde band hadde
dei gjerne banda-lage standande ved

beten heile vinteren, og det vart då bruka til å stå skavgåen til når ein skov.

Yandre stovor såg ein der var fest eit lerstykkje på ein sengstolpe der ein stødde skavgåen til under skavinga.

7. Det var mykje bruka her i bygda at der dei hadde lite eller inkje skavved fekk dei seg slik på dei gardar der det var mykje av den. At dei kjøpte eller leigde heile teigar veit ein inkje om. Skavet fekk ein ta der det for kvar gong vart tilvist av eigaren.

Godtgjerdsla for skavved var alltid dagsverk, anten av mann eller kvinna. (Den som fekk skavet hadde veden agst.)

8. Ein har ikkje høyrte noko om dette som er spurt etter her.

9. Almanningar finnst ikkje herikring.

10. Ein kjenner ikkje til at der nokonstad var undantake rett for husmannen til å ta skav. Men det var vanlegt at husmennar fekk ta skav på garden mot godtgjerdsla i dagsverk.

11. Ordet skavhulla kjenner ein ikkje her.

12. At luftkallen kunde setja skavet på veden att har ein ikkje høyrte.

Ein bruka å seia: "Stygt skav - stygg kjerring. Fint skav - fin kjerring."

^{Denne kalla}
(Den som skov stygt fekk stygg kjerring, og omvendt.)